

**Fra:** Laila Bjørge <laila.bjorge@alver.kommune.no>

**Sendt:** 30.09.2022 15:05:00

**Til:** roberthj@broadpark.no

**Emne:** Innvilga utsett frist for spreing av husdyrgjødsel til 1.oktober

---

Hei

Syner til epost datert 29.09.22 der du søker utsettjing. Kommunen kan berre godkjenne utsett frist fram til 1.oktober . Det er lovlig å spre gjødsel fram til 1. nov, så lenge det er nedmolding etterpå. Men dette kan evt gi større forurensingsfare.

På grunn av dei vanskelege verforholda denne sommaren og forsinka håslått får du utsett frist til 1. oktober med å kjøra ut gjødsel med den mengda du har søkt om.

Om hausten er fare for avrenning større enn vanleg. Ver obs på at styrtregn kan vaska møka ut i vassdrag og de må difor ta ekstra omsyn i nærleiken av elvar og vassdrag. Me rår til at de ikkje gjødselar nærare 6 meter frå vassdrag. Det vil vera ein fordel at møka vert spreidd så tynt som råd.

Med venleg helsing

Laila Bjørge

Avdelingsleiar landbruk

Telefon: 56 171185/45375229

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

[www.alver.kommune.no](http://www.alver.kommune.no)



**ALVER**  
KOMMUNE